

## ORDSKIFTE



## Vanskeleg juss

– Dette forstår eg ikkje, sa saksordførar for «Lov om avtalar med forbrukar om oppføring av ny bustad mm» Kjellaug Nakkim (H) då ho fekk i hende lovutkastet frå Justisdepartementet. Det ho ikkje skjønnte, var ordet rådvaldsband. Det var ikkje så rart, ein må tenkje seg om både to og tre gonger før ein forstår at rådvaldsband tyder band på råderetten. Lovtekster bør gjerast enklast råd, og truleg kunne lovskrivarane ha brukt orda innskrenka råderett i staden.

Det er altså ikkje så rart at Kjellaug Nakkim ikkje forstod ordet. Men rarare var det at ho og kulturkomiteen brukte det vanskelege ordet som påskot for å be om at lova blir omsett

### YTRING

frå nynorsk til bokmål. For truleg ville ei slik omsetjing forsterke og ikkje løyse problemet.

I nynorsk juss finst ein tradisjon med å bruke folkeleg og lettforståeleg mål i lovtekster. Det har vore ei målsetjing å utvikle ei juridisk tenking som folk forstår og eit juridisk miljø der folk kan delta. I bokmålsjussen har desse målsetjingane stått fjernare. Ofte kan det i staden synast som det har vore eit mål for juristane å utvikle si eiga språkform på ein slik måte at lekfolk blir utestengde frå deira fagområde.

La meg ta nokre døme.

På bokmål møter vi ofte orda «til vitterlighet» i staden for «som vitne». Sletting av ein rett kallar dei å ekstingvere retten eller ekstinksjon av retten. I staden for bortfall av eit krav skriv og snakkar juristane om preklusjon av kravet. Prinsippet om direkte bevisføring kallar dei «bevisumiddelbarhetsprinsippet». Og retten til å halde attende ein gjenstand til krav er dekte, kunne dei kalle tilbakehaldsrett. Men frå medisinsk latin, der retensjon blir brukt om vanskar sjukeheimspatientar har med å tømme tarm eller urinblære, har dei henta dette fine ordet og teke i bruk nemninga retensjonsrett.

Vi bør bruke folkeleg

norsk og unngå uforståelige ord både på nynorsk og bokmål. Men om bustadoppføringslova hadde vorte skriven i den juridiske bokmålstradisjonen, er det sannsynleg at ho hadde vorte langt vanskelegare å forstå både for bokmåls- og nynorskbrukarar.

Difor vonar eg Stortinget i framtida vil saumfare også bokmålstekstar på same måten som Kjellaug Nakkim gjorde i dette høvet. Og eg vonar dei sender lovutkasta attende til departementa med melding om å skrive dei om til nynorsk når dei møter ord som vitterlighet, preklusjon, bevisumiddelbarhet og retensjon.

Olav Randen,  
leiar i Noregs Mållag